

Til: Høyringsinstansane iflg. vedlagt adresseliste

Fra: Stranda hamnevesen KF

Høyring av forskrift om anløpsavgift for Stranda kommune sitt sjøområde for 2019

På vegne av Stranda kommune sender med dette Stranda hamnevesen KF på høyring utkast til forskrift om anløpsavgift for Stranda kommune sitt sjøområde for 2019.

Vedlegg 1: Framlegg til forskrift om anløpsavgift for Stranda kommune for 2019

Havne- og farvannsloven ("hamnelova") sin § 25 første ledd gir uttrykk for at

"Kommunen kan i forskrift bestemme at det for fartøy som anløper havn i kommunen, skal betales anløpsavgift til kommunen. Anløpsavgiften skal bare dekke kommunens kostnader ved utøvelse av offentlig myndighet med hjemmel i denne loven med forskrifter, samt kostnader til å legge til rette for sikkerhet og fremkommelighet i kommunens sjøområde, så langt slike kostnader ikke kan dekkes inn ved betaling for tjenester som ytes i havnen. I forskriften kan det også fastsettes rabattordninger."

[våre understrekingar]

I medhald av hamnelova § 25 andre ledd gir *forskrift av 20. desember 2010 om kommunenes beregning og innkreving av anløpsavgift* («Nasjonal anløpsavgiftsforskrift») nærmere reglar til gjennomføring av hamnelova § 25 første ledd. Paragraf 2 i denne forskriften stadfestar at kystkommunane kan gje forskrift om innkrevjing av anløpsavgift.

I medhald av hamnelova sin § 25 første ledd, andre punktum, første alternativ gjev denne grunnlag for at ankertilvisingskostnadane kan inkluderast i avgiftsgrunnlaget. Sidan ankertilvisinga skjer i hamnebassenget kan også hamnelova § 25 første ledd, andre punktum, andre alternativ tene som heimelsgrunnlag

Som det går fram over skal anløpsavgifta vere kostnadsorientert og ikkje gje økonomisk overskot. Nivået på avgifta skal bereknast ut i frå forventa utgifter for direkte og indirekte kostnadar "ved utøvelse av offentlig myndighet med hjemmel i denne loven med forskrifter, samt kostnader til å legge til rette for sikkerhet og fremkommelighet i kommunens sjøområde", jf. hamnelova § 25 første ledd.

Kystverket sine rettleiarar, "Veileding om havne- og farvannsloven" (kapittel 16.4) og "Merknader til bestemmelsene i forskrift 20. desember 2010 om kommunenes beregning og innkreving av anløpsavgift", gir nærmere generell informasjon om kva kostnadar ein kan dekke gjennom anløpsavgifta og korleis avgiftsnivået skal fastsetjast.

Vedlagt ligg eit dokument som gjev nærmare omtale av dei konkrete kostnadane og utgiftspostane kommunen føreslår å inkludere i avgiftsgrunnlaget.

Vedlegg 2: Grunngjeving for kostnadene som vert dekt inn gjennom anløpsavgift

Vedlegg 2 identifiserer og grunngjev kostnadene som vert føreslått inkludert i avgiftsgrunnlaget. Her finn ein mellom anna om kor stor del av ulike utgiftspostar som kommunen meiner knyt seg til slike

kostnader som hamnelova § 25 syner til. Ein gjer merksam på at ein har ein vesentlig lengre sesong enn tidligare år.

Lagt ved finn ein også eit oversyn over forventa kostnader som kan dekkast ved anløpsavgift etter hamnelova § 25. Kor stor del av dei ulike utgiftsarter ein meiner kan dekkjast gjennom anløpsavgift, går også fram av dokumentet.

Vedlegg 3: Avgiftsgrunnlag – samla og per utgiftsart

Vi presiserer for ordens skuld at kostnader som vert dekt ved anløpsavgift (jf. hfl. § 25), ikkje samstundes vert dekt inn gjennom vederlag. Det ligg ikkje føre noko form for «dobbeltbetaling» mellom anløpsavgift og vederlaga som vert kravd inn. I tråd med det hamnelova legg opp til skil Stranda Hamnevesen KF mellom kostnader og inntekter til forvaltningsoppgåver etter hamnelova(på eine sida) og kostnader og inntekter til «forretningsdrifta» (på andre sida). Kostnader til forvaltningsoppgåvene vert dekt gjennom anløpsavgift, medan kostnadane til «forretningsdrifta» vert dekt gjennom vederlag.

Avgiftsgrunnlag anløpsavgift 2019 er eit estimat basert på reknskapstal pr. oktober 2018 og budsjett 2019.

Vedlegg 4: Kalkyle for berekning av avgiftssatsar

Økonomiske og administrative konsekvensar

Framlegget i kalkylen er basert på ei vidareføring av ein regressive avgiftssatssystem, som inneber at det for skip med bruttotonnasje over 20 tusen BT, vert ein lågare avgiftssats for neste 90 tusen tonn, og enda lågare sats per bruttotonn for tonnasje over 90 tusen BT.

Kalkylen er basert på avgiftsgrunnlaget og ei forventning om kor mykje bruttotonnasje som vil gjere hamneanløp i 2019. Utgåande balanse pr. 31.12 2018 syner ei underdekning på anløpsavgift pr. 31.12 2018. Med dette utgangspunkt og grunnlag kjem ein fram til avgiftssatsane, som ein føreslår vedteke.

Forslag til avgiftsatsar for 2019 er oppgjevne i kalkylen (vedlegg 4) og i framlegget til forskrift (vedlegg 1).

Høyringsfrist

Høyringsfristen vert sett til 17. desember 2018. Høyringsfristen er i samsvar med forvaltningslova § 37 og Justis- og beredskapsdepartementet sin rettleiar for utarbeidning av kommunale forskrifter, med vidare tilvising til Utredningsinstrukksen for utarbeidning av statlege forskrifter.

Innspel til høyringa kan sendast til:

Stranda hamnevesen KF
Øyna 13
6200 Stranda

eller per e-post til

post@stranda.kommune.no

I tillegg til at høyringsinstansane mottek dette per brev, vert også høyringa offentleggjort på internetsidene til Stranda kommune og Stranda hamnevesen KF.

Stranda hamnevesen KF,
7. november 2018
Venleg helsing

Rita Berstad Maraak
hamnesjef

